

Referat frå styremøte i Valldal IL onsdag 3.juni 2015

Desse møtte:

Einar Hoel, Anders Rem, Kristin Sandnes, Trond Håvoll, Inge Sunde, Liv Marit Indreeide

Fotball v/Richard Moen

Friidrett v/Kjersti Magnussen

Ski v/Kristi Linge Stakkestad

Trim v/Kjersti Magnussen

Sak 15/15 Kort orientering frå styret og gruppene

Trimgruppa: Grunna mykje snø i fjellet er ikkje alle postane ute enno. Facebook blir brukt for oppdatering over kva kodar som er ute. Sal av trimkort på butikkane. Trimgruppa står som arrangør av vekas tur til Brekka torsdag 11. juni

Fotballgruppa: Programbladet omsider ferdig. Arbeidet kom seint igong. Kanskje ein for framtida kan utnemne ei eiga programbladnemnd slik som skigruppa har? Var heldige og fekk bruke lagbilda som Sunnmørsposten tok tidlegare i vår.

Har vore tungt å vere leiar – mykje nytt! Fix.no

Har hatt lite styremøte denne våren. Har hatt nok å henge fingrane i - jobb og studie. Føler det er no det startar.

Men positivt med mange lag, fått med spelarar frå Liabygda.

Friidrett: Valldal IL stod som arrangør av friidrettscupen tysdag 2 .juni. Vart ein «knall»-cup med 60 born påmeldt. Mange i barnehagealder. Førstkomande laurdag går Åndalsnesløpet av stabelen - ca 10 påmeldt frå Valldal.

Skigruppa: Sesongen er avslutta.

Sak 16/15 Orientering om Idavollen

Status grusbana/kunstgrasbana;

Saka er no ute av verda.

Sende forslag til løysing med frist 1.juni, trekte saka mot at alle dekte sine utgifter. Alternativet var å gå til retten, motparten dekke alle saksomkostningar. Ikkje sikker på utfallet der. Utgiftene hadde då mest sannsynleg vorte større. Risiko + dreg ut i tid.

Status arbeidet så langt:

Ikkje inngått avtale enno, men er klar til å gjere avtale om grunnarbeid. Nokre formalitetar igjen. Gjort avtale med leverandør om kunstgras o.l. , men ikkje bestilt enno. Dugnadsgruppa kan starte med å få oversikt over kva som skal gjerast. Kostn.rekna til 4 mill. Må ha ein plan på når dette skal ut – har ikkje desse pengane på bok. Føreligg komm.vedtak at ein skal forskuttere spelemidlar. Har litt midlar sjølve. Er gitt byggjeløyve frå kommunen. Vegvesenet har ikkje innsigelsar, bortsett frå krav om nett mot vegen. Fått løyve til å utvide parkeringsplassen, bruke overskotsmasse, leggje oppå.

Status lysløypa:

1983-84 avtale, viser til kart, ikkje å oppdrive.

Eksisterer eit kart, ikkje datert, veit ikkje om det er det som gjeld.

1971 – første lysløypa bygd

1982-83 – boligfeltet kom – førte til mykje styr, veien «skar» av løypa, løypa lagt om ved hjelp av kommunen. Samtidig begynte arbeidet med bygging av stadion.

Etterlyser kartet!

1988 – Aase tok over hytta.

Løypa ikkje endra sidan Aase kom.

Sak 17/15 Sommararrangement

Programmet er under planlegging. Manglar programleiar, samt litt for borna.

Kanskje om ein ser vekk ifrå Mefjellet opp – kanskje lettare å få folk til å melde seg?

Manglar ansvarleg for matkomiteen. Mange som vil bidra, men ingen som vil ta ansvar. Kanskje utnevne ein liten komite (4-5 stk) som planlegg ilag, og som får ansvar for kvar sine område?

Må i år gjere tydeleg (skriftleg) avtale vedr. varming av graut.

Treng ein person som har overordna ansvar for olsok arr. – Einar er vekke.

Anders kallar inn 4-5 personar til neste onsdag – planlegging matkomite.

Sak 18/15 Klubbhuset

Stor pågang for leige av klubbhuset. Positive, men der kviler også eit ansvar.

Ein del krav/ting bør vere på plass ved utleige; medisinskrin/førstehjelp, brannvarsling, branninstruks..

Ved utleige bør der teiknast kontrakt – kor mange, kven er ansvarleg osv. Einar sjekkar med Lars Kjell Smoge kva ansvar vi har.

Låse av kontor og lager ved utleige. Stolane inne i salen har fått nye «knottar», og skal ikkje ut av huset.

Feil og manglar skal framleis skrivast i vaktmeisterboka som ligg på kjøkkenet.

Når det gjeld innkjøp av div. som lyspærer, eingongs koppar/fat, vaskemiddel, papir og liknande. Så er det husansvarleg, Kristin G. Sandnes, som må få melding om dette.

Løpebana;

Er pr i dag i dårleg stand. Må jamnast/»slåddast» eit par gonar i året.

Sak 19/15 Medlemsregister

Der er strenge krav til registrering av medlemsregister.

Elektronisk- ulike vi kan nytte; «min idrett» evt. «klubbadmin». – leggje inn alle medlemmer, medlemskort, blir fakturert direkte.

Ta dette igjen til hausten, slik at det er klart til neste år.

Stranda IL har teke det ibruk

Kom opp spm om vi kunne ha bruk for internett på huset. Einar sjekkar opp med Tafjord.

Møtet slutt ca kl 22.00

Liv Marit Indreeide

-referent